ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 28.03.2022 |
| Vår: 20/5035 - 22/24707 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve med frist for ferdigstilling til 01.09.2022 - gbnr 477/79 Solheim vestre

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 364/22** |
| **Tiltakshavar:** | Helland Eiendom & Invest AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arkoconsult AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve utvida frist for ferdigstilling av veg og VA-anlegg innanfor reguleringsplanen Hylla bustadfelt, planid.12602018000500, på gbnr 477/79 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
2. **Ferdigattest skal liggja føre innan 01.09.2022.**
3. **Seinast ved søknad om ferdigattestskal det liggja føre koordinatar i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.07.2018 og 26.09.2019 i sak 18/1848 i tidlegare Radøy kommune.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: VA-anlegg og veg 1 og 2.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering av heile veganlegget.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Ansvarleg søkjar har i søknaden opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 07.02.2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 07.02.2022.

**VURDERING**
Kommunen gav i vedtak datert 11.03.2020 mellombels bruksløyve for tiltaket der frist for ferdigstilling vart sett til 01.01.2021. Det vart gitt nytt mellombels bruksløyve i vedtak datert 16.02.2021der ny frist for ferdigstilling vart sett til 01.01.2022. Mellombels bruksløyve vart gitt for heile tiltaket. Gjenståande arbeid i tiltaket var opplyst til å gjelda asfaltering av veganlegget.

I ny søknad om mellombels bruksløyve mottatt 07.02.2022 er det søkt om ny utsett frist for ferdigstilling til av arbeidet til 07.02.2023. Søknaden er ikkje grunngitt.

Kommunen vurderer at det ikkje er grunnlag for å gje utsett frist for ferdigstilling av asfalteringa av veganlegget slik det er søkt om. Alle bustadane som er tilknytt veganlegget er no ferdigstilt med mellombels bruksløyve og tatt i bruk. Kommunen kan ikkje sjå at det er noko til hinder for å asfaltera veganlegget og ferdigstilla tiltaket. Det vert gjeve utsett frist for ferdigstilling/asfaltering av veganlegget fram til 01.09.2022.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Reg. planen Hylla bustadfelt |
| Bygningstiltak: | Teknisk infrastruktur, veg 1 og 2 samt VA-anlegg |
| Vatn og avløp: | Offentleg |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5035

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Anne Lise Molvik |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |
| Helland Eiendom & Invest AS | Idrettsvegen 3 | 5936 | MANGER |